

Preike på dei nynorske festspela,
Aasantunet 10. juni 2018.
Preiketekst Joh 1, 35 -51

Dagen etter stod igjen Johannes der med to av læresveinane sine. ³⁶ Då Jesus kom gåande, såg Johannes på han og sa: «Sjå, Guds lam!» ³⁷ Dei to læresveinane høyrde kva han sa og følgde etter Jesus. ³⁸ Jesus snudde seg, og då han såg at dei følgde etter, sa han: «Kva leitast de etter?» Dei spurde: «Rabbi», – det tyder «lærer» – «kvar bur du?» ³⁹ «Kom og sjå», svara Jesus. Så gjekk dei med han og såg kvar han budde, og dei vart verande hos han den dagen. Det var omkring den tiande timen.

⁴⁰ Andreas, bror til Simon Peter, var ein av dei to som hadde høyrte det Johannes sa, og hadde følgte etter Jesus. ⁴¹ Han finn først bror sin, Simon, og seier til han: «Vi har møtt Messias» – Messias tyder «Han som er salva». ⁴² Så tok han Simon med seg til Jesus. Jesus såg fast på han og sa: «Du er Simon, son til Johannes. Du skal heita Kefas» – det er det same som Peter.

⁴³ Dagen etter ville Jesus dra til Galilea. Han fann då Filip og sa til han: «Følg meg!» ⁴⁴ Filip var frå Betsaida, same byen som Andreas og Peter var frå. ⁴⁵ Filip møtte Natanael og sa til han: «Vi har møtt han som Moses har skrive om i lova, og som profetane har skrive om: Det er Jesus frå Nasaret, son til Josef.» ⁴⁶ «Kan det koma noko godt frå Nasaret?» spurde Natanael. «Kom og sjå!» svara Filip. ⁴⁷ Jesus såg Natanael koma gåande mot seg og sa: «Sjå, der er ein ekte israelitt, ein som er utan svik.» ⁴⁸ «Kvar kjenner du meg frå?» spurde Natanael. Jesus svara: «Eg såg deg då du var under fikentreet, før Filip ropast på deg.» ⁴⁹ Då sa Natanael: «Rabbi, du er Guds Son, du er Israels konge.» ⁵⁰ «Trur du fordi eg sa at eg såg deg under fikentreet?» spurde Jesus. «Du skal få sjå større ting enn det.» ⁵¹ Og han sa: «Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: De skal sjå *himmelen opna og Guds englar gå opp og gå ned* over Menneskesonen.»

Kjære nynorske venner, godtfolk!

Alle frå Norge kjem frå ein stad. Det gjeld kanskje særleg for nynorsk-folk. I den nye nynorske litteraturhistoria er nesten alle forfattarane presentert med staden dei vaks opp på. Så hei altså! Eg er Kari frå Stord. Det er jo sant, men så kunne eg også sagt og seier at mor mi er frå Hallingdal og far min er frå Jølster. Og eg bør kanskje også leggje til at storparten av livet mitt har eg levd i Oslo og andre norske storbyar. Og det har vore fint, det òg.

Vi har namn og familie, i dag har vi høyrte eit nesten flunkande nytt namn og skal gjere vårt beste for å tenke gode tankar for Matilda, dåpsbarnet.

Også i dagens evangelietekst er det også mange namn. Det eg las nettopp dreier seg i stor grad om namn, stad og språk. Høyrte de det?

Filip, Andreas, Simon, Natanael og på kva side av desse, Johannes døyparen og Jesus.

Det kan gjere det litt forvirrande å følgje med, men det som skjer er at heile forteljinga er ei rekke, som dominobrikkar eller kviskreleiken, der Johannes fortel ein disippel om å sjå Jesus og det gjer han og fortel andre og så ballar det på seg og det blir fleire som ser og Jesus ser dei og lovar at dei skal sjå større ting.

Filip var frå byen Betsaida og var litt skeptisk til folk frå utkanten. Han stiller derfor eit spørsmål som har blitt klassisk: «Kan det koma noko godt frå Nasaret?» Det er jo eit spørsmål som også mange blaserte motstandarar av ny språkformer også har stilt seg i løpet av historia: Kan det kome noko godt frå Ørsta? Frå Vinje? Frå Strandebarm og Kautokeino? Og svaret er, då som no: Ja visst. Absolutt. Eller som Filip svarar: Kom og sjå!

To av namna i den stutte evangelieteksten er litt spesielle: Andreas som var den som starta som læresvein av Johannes, har ein bror som heiter Simon, men ikkje lenge. Jesus såg på Simon og seier (og no nyttar eg 1938-omsetjinga): «Du er Simon Johannesson; du skal heita Kefas!» Og det andre merkelege namnet høyrer til hovudpersonen sjølv: Jesus, son av.. (nei ikkje Maria), men Josef, eller som det heimsleg heiter i 1938-omsetjinga: «Jesus Josefsson frå Nasaret».

Noko av det som skjer, er tydeligvis litt uforståeleg for dei som las evangeliet, som jo vart skriva på gresk. Derfor er det ein del språklege merknader her: Rabbi betyr lærar, får vi vite. Og Kefas betyr det same som det greske ordet «Peter», altså klippe. Allereie frå starten av var evangeliet avhengig av omsetjing og språkrøkt. For å bli forstått, men også for å kunne lyde på morsmålet eller hjartespråket som heidersmannen Berge Furre kalla det i ein artikkel om nynorsk som kyrkjespråk. Den striden dreidde seg om å kunne samtale med Gud i det same språket som ein nytta over kjøkkenbordet.

No har vi ein bibel på nynorsk og vi har nynorske salmar der er det mogleg å finne heimslege ord på dei store mysteria. Men vi kan også stadig finne framande stadnamn der. Nokre av dei har også blitt namn på hus i Norge: Betania, Betsaida, Sion, Betel, Salem og mange andre som nokre kanskje kjenner igjen frå bedehusa på heimlassen? Men ikkje Nasaret. Det er kanskje noko ein ikkje treng å gjere heimsleg. Eg for min del kan ikkje unngå å tenke på menneske eg har møtt, fleire av dei palestinske kristne som bur under vanskelege forhold i dag, når Nasaret og Betlehem blir nemnt, om det er i aldri så høgstemte ordelag i kyrkjer eller bedehus.

Men det spennande er jo at alle desse som vi høyrer om kjem frå ein plass, dei blir ikkje verande der. Dette er jo ei fortelling om at folk blir kalla og utfordra til å forlate heimstaden og følgje etter Jesus. Han som her altså blir omtalt som Josefsson frå Nasaret, sjølv om vi som har lese andre evangelium har ein aning om at han vart født i Betlehem og var på flukt i Egypt

i fleire år for familien drog tilbake til Nasaret. Så det er også litt som oss: Vi kjem frå ein stad ja, men mange av oss har reist bort derifrå. Og skal vi vere heilt ærlege, og det bør vi jo vere på søndag formiddag, så har det for mange av oss vore nødvendig og det har gjort godt.

Eg har som prest og venn høyrte mange forteljingar om folk som bokstaveleg tala har vokse opp i skuggen av heimbygdas Betel, Betania og Salem og som berre har vore nøydd til vende ryggen til og flytte, det har vore nødvendig for å ta vare på seg sjølv. Mange har opplevd å ikkje bli sett som den dei er: Som homofil, lesbisk, skeiv og/eller med ei drift mot litteratur og den litt større verda.

Mange av dei som kjem frå ein stad, har flytta til den byen eg har budd lengst i og som eg no er biskop i. Fleire av dei lever gode liv der. Ikkje veit eg om de kjenner nokon som har det slik på ein eller annan måte. I så fall er det fullt mogleg å møte dei i litteraturen, kanskje særleg den nynorske, som lenge har vore ein stad for og om bondestudentar og andre eksilantar frå Betsaida og Betel i ulike versjonar. Og der er det mange utfordringar som det ville ha vore spennande å snakke meir om. Eg kunne godt tenkt meg å snakka meir om det store spørsmålet ein forfattar stilte på eit garborgseminar ein gong: Kva skal vi gjere for at Enok Hove ikkje går til grunne? (Kanskje vi kan snakke om det også på samtalen no etterpå?)

Men her er vi altså, frå ulike stadar, og mange av oss, trur også at vi forstår kva Jon Fosse meiner, når han omtalar nynorsken som ein heim.

Kanskje finst det enkle svar på kva vi skal gjere, vi som kjem ein stad frå der vi kjenner oss litt heimlause. Men det gjer ikkje det heile lettare i praksis. Mange eg har snakka med, har opplevd å ikkje bli *sett* som seg sjølv den staden dei kom frå. (Og ja, vi har, same kor klisjé det høyrer ut, eit behov for å bli sett, som den vi er, i det minste av ein/ei.) Det ordet som går som ein raud tråd gjennom heile det avsnittet frå det første kapitlet på Johannes-evangeliet som eg las, er faktisk «å sjå». Verbet bind faktisk det heile saman og forankrar det også i det som kom før. Kva kom før? Jo, den storstilte og høgstemte innleiinga til Johannes-evangeliet, det som ofte blir kalla Prologen: «I opphavet var Ordet, / Ordet var hos Gud, /og Ordet var Gud.» Det dreier seg altså om *alt*, om ordet som var der i skapinga, og derfor går det altså ein raud tråd ned til heilt handfaste konkrete stader og folk. Betsaida og Nasaret og Johannes og Peter og Matilda. Midt i den høglyriske prologen kjem det eit lite avsnitt om Johannes døyparen i prosa. Etter det ber det framover, opp og ned, slik at det himmelske og det som er

for og til alle tider, blir vevd saman med det jordiske og kroppslege som vi kjenner frå våre egne liv.

For høgdepunktet i prologen er nettopp noko som hender her, langt nede: «Og Ordet vart menneske/ og tok bustad mellom oss. /Og vi såg hans herlegdom, /ein herlegdom som den einborne Sonen/ har frå Far sin, /full av nåde og sanning.» De høyrte det sjølvsagt med ein gong: Det er noko det er mogleg å sjå. For å gjere det må ein ofte bryte opp, lærer vi i teksten. Gud som har skapt alt, vart menneske: I Jesu ansikt kan vi sjå korleis Gud er. Det Jesus gjer i dette framhaldet av prologen er at han ser folk slik dei er, snakkar til dei med namns nemning og fortel at dei skal sjå meir om dei bryt opp og følgjer. (Det er ofte sånn at når ein ikkje blir sett som ein er, er det heller ikkje lett å sjå det rundt oss og andre slik dei er.) Kva skal dei sjå? (Då er vi allereie utafor evangelieteksten: De skal sjå *himmelen opna og Guds englar gå opp og gå ned* over Menneskesonen.» Himmelen opna altså og ein stige ned, slik som Jakob opplevde det i ein draum, ein stige eller ein regnboge er akkurat her eg er. Her? Ja her. Her, ja, alle stader er ein utkant. Ingen stader er ein utkant.

Av og til hjelper det ikkje med ord, heller ikkje fine og vel formulerte ord, kanskje til alt overmål på nynorsk: Av og til er det nødvendige, det som verkeleg kan vende nød i bokstaveleg forstand, rett og slett / å bli sett som den vi er. Av og til er vi avhengige av å sjå og sanse noko for å bli klar over korleis det står til: Som vi altså i dag her sett Matilda. Som vart nemnt med namn og innlemma i den verdsvide kyrkja akkurat her, på denne staden.

Kva inneber det å bryte opp og følgje etter Jesus? Elias Blix, han frå Gildeskål de veit, som budde nesten heile livet i Christiania, har gode svar også på det:

Salme: Med Jesus vil eg fara